HJELMELAND
KOMMUNE

# Saksframlegg

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Nilsen, Haldis Karine | Gnr/bnr - 79/1, PlanID - R159 | 14/2735 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 020/16 | Areal- og forvaltningsutvalet | PS | 21.04.2016 |
| 030/16 | Kommunestyret | PS | 27.04.2016 |

## 2.gongsbehandling reguleringsplan for vegutbetring Hetlandsvingen RV13

**Vedlegg:**
1 - R159 Plankart Hetlandsvingen
2 - R159 Bestemmelser Hetlandsvingen
3 - Tegningshefte
4 - ROS-analyse

**Forslag til vedtak:**

Framlegg til reguleringsplan for utbetring av Hetlandsvingen på RV13 vert godkjent i tråd med forslag frå Statens vegvesen.

Hjelmeland, den 07.04.2016

Dag Flacké
Rådmann

Areal- og forvaltningsutvalet - 020/16

### AFU - behandling:

Forslag frå rådmann samrøystes vedtatt.

### AFU - vedtak:

FRAMLEGG TIL KOMMUNESTYRET:

HJELMELAND
KOMMUNE

Framlegg til reguleringsplan for utbetring av Hetlandsvingen på RV13 vert godkjent i tråd med forslag frå Statens vegvesen.

<u>Kommunestyret - 030/16</u>

## KST - behandling:

**Røysting:**
Samrøystes i samsvar med framlegget frå areal- og forvaltningsutvalet,

## KST - vedtak:
Framlegg til reguleringsplan for utbetring av Hetlandsvingen på RV13 vert godkjent i tråd med forslag frå Statens vegvesen.

# Saksopplysninger:
**Samandrag**
Statens vegvesen ynskjer å utbetra Hetlandsvingen på RV13 mellom Hjelmeland og Årdal. Vegvesenet har sjølv stått for 1.gongsbehandinga, og kommunen skal nå ta sluttbehandlinga. Saka framstår som avklart, og rådmannen tilrår å følgja innstillinga frå Statens vegvesen.

**Fakta**
Det er ynskje om utbetring av Hetlandsvingen på RV13 mellom Hjelmeland og Årdal. Statens vegvesen jobbar parallelt met utbetringsplanar for fleire av dei problematiske kurvane. Nokre av dei krev reguleringsplan for å kunne gå vidare med detaljplanlegging og prosjektering. Vegvesenet har stått for oppstart og utlegging til 1.gongsbehandling. Dei har også motteke merknadane og kommentert desse, sjå vurderingsdel.

**Lovar, føresegner, rundskriv**
Det vert her vist til plan og bygningsloven.

**Økonomiske konsekvensar**
For kommunen ingen kjende

**Gjeldande planar, retningsliner og vedtak**
Det er kommuneplanen som gjeld for området i dag. Planføremål er LNF.

**Innkomne uttalar**

HJELMELAND
KOMMUNE

Det er kome uttale frå Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Lyse. Ingen av desse medfører behov for endring av forslaget.

**Vurdering og konklusjon**

Forslagstiller (Statens vegvesen) sine kommentarer til mottatte merknader i forbindelse med offentlig ettersyn av forslag til detaljregulering for utbedringstiltak langs rv. 13 Hetlandsvingen (Plan-ID R159), Hjelmeland kommune.

Merknadene er oppsummert i tabellen under, med kommentar fra forslagstiller.

| **Merknad** | **Forslagstillers kommentar** |
|---|---|
| | |
| A. Lyse Elnett AS, 07.03.2016<br><br>Lyse har ingen kommentarer til reguleringsplanen. | Tas til orientering. |
| A. Fylkesmannen i Rogaland, 15.03.2016<br><br>Fylkesmannen reknar ei utbetring av vegen for å vere viktig for trafikktryggleiken langs riksveg 13.<br><br>I brev av 31.01.15 peika vi både på viktige verdiar knytt til skog og kulturbeite i nærleiken, samt faren for snø- og steinskred. Desse temaa er no adressert til ROS-analysen for prosjektet. Det er positivt at trase for ny veg ikkje vil røre ved edellauvskogen.<br><br>Vi forventar at resultatet blir så arealeffektivt som mogeleg og | Tas til orientering. |

HJELMELAND
KOMMUNE

| | |
|---|---|
| tilpassa landskapsuttrykket rundt. | |
| A. Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, 21.03.2016<br><br>Arkeologiske registrering er gjennomført innenfor planområdet, uten at det er gjort funn. Forholdet til automatisk fredete kulturminner er således avklart gjennom reguleringsprosessen, og vi har ingen ytterligere merknad når det gjelder planforslagets innvirkning på automatisk fredete kulturminner. | Tas til orientering. |

På bakgrunn av dette vil ein tilrå at Vgevesenet sitt planframlegg vert godkjent.